

**NIBIO**NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Landbruks- og matdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Klima- og miljødepartementet

Dato: 04.09.2026
Deres ref: 26/1341
Vår ref: 26/01953

NIBIO
Postboks 115, 1431 Ås
Tlf: 406 04 100
post@nibio.no
nibio.no

Org. nr: 988 983 837

Innspel til endringar i gjødselbrukforskrifta

Vi viser til departementa si høyring 30. juni om forslag til endringar i gjødselbrukforskrifta, forskrift 29. januar 2025 nr. 115 om lagring og bruk av gjødsel mv. Forslaga til endringar omfattar mellom anna å innføre krav om dekke på lager for svinegjødsel, jf. forslaget § 7, å endre § 20 slik at fosforgrenser kan følgje vekstsyklus, og å endre bestemmelser om avløpsslam i §§ 20, 23 og 36.

Faglege vurderingar er gjort av Divisjon for Matproduksjon og samfunn, og Divisjon for Miljø og naturressursar, og koordinert av seniorforskar Anne Kjersti Bakken.

Krav om dekke på lager for svinegjødsel – endring i § 7 andre ledd

§ 7 andre ledd skal lyde:

Lager for svinegjødsel, urin og biorest med mindre enn 25 prosent tørrstoff skal ha tak eller annet dekke som begrenser utslipp til luft. Dekket må likevel sørge for nødvendig ventilering av farlige gasser. Dersom det nyttes leca, halm eller annet porøst dekke, skal dekket være sammenhengende og ha tilstrekkelig tykkelse til at overflaten holder seg tørr i tørt vær.

NIBIO har følgjande kommentar til den føreslåtte endringa:

Vi viser til «NOTAT – krav til dekke på lager for svinegjødsel» frå NIBIO til Landbruksdirektoratet. Dette er også omtalt i høyringsnotatet frå LMD.

Her er det gjort greie for at eit porøst dekke kan redusere metanutsleppa frå gjødsellageret, medan eit tett dekke har størst effekt på ammoniakkutsleppa.

Estimata for reduksjon av metanutslepp er usikre. Med å bruke faktorane i det nasjonale utsleppsregnskapet (NIR), kom vi fram til ein nedgang på ca. 6 600 tonn CO₂-ekvivalentar årleg dersom alle kummar som ikkje har dekke i dag, får eit porøst dekke. Dersom nokre av svineprodusentane vel ein annan type dekke, vil ikkje reduksjonen bli så stor.



NIBIO

Som nemnt i notatet, er utsleppa frå lager temperaturavhengige. Dei går vesentleg ned når ein kjem under 15 °C, og det er sannsynleg at norske utslepp blir overestimerte når ein brukar faktorane i NIR. Det kan også hende at det relativt høge innhaldet av strø og lite nedbrote organisk materiale i gjødsel frå noverande svinehald kan hemme utslepp, utan at det er lagt til eit ekstra dekke av Leca eller eit anna porøst materiale.

I notatet frå oss til Landbruksdirektoratet vart det vidare stilt spørsmål om reduksjonen i metanutslepp under lagring kan bli utlikna av utslepp som vil kunne skje under etterfølgjande spreining. Det vart også referert til undersøkingar som viser at utslepp av lystgass frå gjødselkum kan auke med eit porøst dekke.

Jordbruket sitt utslepp av metan er dei siste åra estimert til 2,6 - 2,7 mill tonn CO₂-ekvivalentar per år (SSB). Årleg metanutslepp frå lagring av svinogjødsel med dagens praksis og etter noverande utrekningsmetodikk i NIR vart i notatet vårt estimert til 50 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Dette utgjør 2 % av metanutsleppa frå jordbruket, og reduksjonen i sektoren som følgje av det føreslåtte tiltaket, vil bli svært liten.

I høyringsnotatet frå departementa blir det argumentert med at tiltaket vil redusere nitrogengjødselkostnadene for gardbrukar gjennom at det minkar ammoniakktafet frå svinogjødsel og at redusert ammoniakkutslepp også har ein samfunnsøkonomisk gevinst. Som nemnt, vil dette først og fremst gjelde om gardbrukarane vel eit tett, og ikkje eit porøst dekke over kummane.

Dei siste åra har utsleppet frå jordbruket vore på rundt 28 000 tonn NH₃ (SSB). I vårt notat vart det med bruk av noverande utrekningsmetodikk, estimert eit utslepp frå lagring av svinogjødsel på 214 tonn NH₃ med dagens lagringspraksis, altså 0,8 % av totalen. Med innføring av eit påbod om høvesvis tett dekke, porøst dekke og ein kombinasjon av tett og porøst over alle svinogjødselkummar, kunne ein få ein utsleppsreduksjon på høvesvis 78, 39 og 89 tonn NH₃. Påbodet om dekke på svinogjødsellager vil såleis bidra lite til å redusere ammoniakkutslepp frå jordbruket, også om alle bønder vel ein tett variant.

Med bakgrunn i det vi har referert over, vil vi oppsummere at kravet om dekke på lager for svinogjødsel truleg vil gi berre små reduksjonar i utslepp av klimagassar og ammoniakk frå jordbruket.

Kanskje er effekten av påbodet enda mindre enn det som vart estimert i NIBIO-notatet som høyringsnotatet frå departementa viser til. I denne samanhengen minner vi til slutt om at NIBIO nyleg fekk eit oppdrag frå Landbruksdirektoratet der vi skulle kartlegge og peike på kunnskapsmanglar om utslepp av klimagassar og ammoniakk frå norske husdyrrom og gjødsellager. Det er ingen tvil om at kunnskapsmanglane er store.

Kvalitetssikring av gjødsellager gjennom melding – endringar i § 7 fjerde ledd

§ 7 fjerde ledd skal lyde:



NIBIO

Før igangsetting av oppføring, utbedring og utvidelse av gjødsellager skal foretaket sende melding til kommunen om tiltaket, der det bekreftes at tiltaket vil bli utført i samsvar med kravene til utforming i § 7. Meldingen skal skrives på særskilt skjema fastsatt av Landbruksdirektoratet. Foretaket skal jevnlig kontrollere at lageret fungerer som forutsatt og er tett mot lekkasje. Bestemmelsene i denne paragrafen gjelder tilsvarende for siloanlegg for gras og surfôr etter § 9.

NIBIO har følgende kommentar til den foreslåtte endringa:

I teksten over er det nemnt meldeplikt og skjema for dekke over siloanlegg for gras og surfôr. Dette ser vi ikkje at er omtalt eller grunngive i høyringsnotatet.

Justering i § 20 slik at fosforgrenser kan følge vekstsyklus i staden for kalenderår ved dyrking av haustsådde vekstar

§ 20 femte ledd skal lyde:

Foretak uten husdyr, eller som har husdyrhold med mindre årsproduksjon av husdyrgjødsel enn 75 kg P, og som tar imot organisk gjødselfare fra andre, kan beregne grensene etter tredje ledd som et snitt over en treårsperiode. For øvrige foretak beregnes grensene som et årlig snitt for foretakets samlede areal. Grensene kan likevel ikke overstiges med mer enn 10 pst per dekar med mindre annet kan begrunnes gjennom gjødslingsplanen, jf. § 26. Hos foretak som dyrker høstsådde vekster kan likevel fosfortilførsel ifm. etablering av disse vekstene medregnes i fosforgrensene for innhøstingsåret påfølgende år. Gjødslingen i slike tilfeller skal fremgå av plan og journal begge kalenderår, jf. §§ 26 og 27.

NIBIO har følgende kommentar til den foreslåtte endringa:

Vi har ingen innvendingar mot at rekneskapet for tilført fosfor til haustsådde vekstar kan gjerast opp for tidsperioden frå såing til hausting.

Det er uklart for oss om at dette er tenkt å gjelde også for haustsådde grasgjenlegg på husdyrbruk, eller om det berre gjeld for vintereittårige vekstar på husdyrlause gardsbruk. Det er ikkje opplagt at avgrensinga til foretak utan husdyr som står i første setning i § 20 femte ledd, gjeld for heile leddet.

Behov for overgangstid før kravet om at plantetilgjengeleg fosfor i avløpsslam skal overhalde fosforgrenser i § 20 kan tre i kraft

NIBIO har følgende kommentar til forslaget om overgangstid:

Vi er einige i at det er behov for ei overgangstid før kravet om at plantetilgjengeleg fosfor i avløpsslam skal halde seg til dei nemnde fosforgrensene, blir gjeldande.

Endringar i § 23 om meldeplikt for slam



NIBIO

NIBIO har følgjande kommentar til den føreslåtte endringa:

Vi har ingen innvendingar imot dei føreslåtte endringane om meldeplikt for slam.

Endringar i § 30 for å klargjere at kommunen kan handheve gjødselbrukforskrifta òg med heimel i matlova

NIBIO har ingen kommentar til den føreslåtte endringa.

Ny § 31 om opplysningsplikt

NIBIO har ingen kommentar til den føreslåtte endringa.

Justering i overgangsregel for spreingstidspunkt i § 36 (endre til § 37)

NIBIO har ingen kommentar til den føreslåtte endringa.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Kommentar frå NIBIO:

Som gjort greie for over, meiner vi at estimata for utsleppsreduksjonar som følgje av eit påbod om dekke på lager for svinegjødsel, er usikre. Kostnaden per spart CO₂-ekvivalent blir dermed også usikre. Med nye krav for svinenæringa følgjer også auka forvaltningskostnader. Vi kan ikkje sjå at dette er omtalt og vurdert i høyringsnotatet.

Med vennlig hilsen

Per Stålnacke

Forskningsdirektør, NIBIO